



Mette Haglund  
Skanselien 35  
5034 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3347 - 16/30981

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
10.11.2016

## Løyve til etablering av mellombels anleggsveg - gbnr 58/95 Lygre indre

### Administrativt vedtak. Saknr: 538/16

**Tiltakshavar:** Mette Haglund  
**Ansvarleg søkjar:** Mette Haglund (sjølvbyggjar)  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Saka gjeld søknad om etablering av ca 110 meter mellombels anleggsveg i samband med hyttebygging. Etter at hytta er ferdig, skal anleggsvegen tilbakeførast til gangsti.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.10.2016, og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne datoen. Oversitting av fristen i saker med 3 veker frist for handsaming fører ikkje til redusert gebyr.

### Planstatus

Anleggsvegen skal vera mellombels tilkomst for frådelt tomt i regulert hytteområde BUSKNESET. Planen tillet opparbeiding av gangsti på areal regulert til landbruksområde, men ikkje kjøreveg fram til hyttene.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje registrert nabomerknader.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist på situasjonsplan motteken 18.10.2016. Traséen skal følgja eksisterande gangsti. Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

## **VURDERING**

Kommunen legg til grunn kommunal- og moderniseringsdepartmentet sin tolkingsuttale 18.05.2011 og konkluderer med at mellombels tiltak inntil 2 år kan tillatast utan dispensasjon frå reguleringsplanen under visse føresetnader. I ein anleggsperiode vil ikkje vegen vera meir til sjenanse enn annleggsarbeidet på tomta. Etterpå skal vegen reduserast til gangsti med breidde 1,2 m og terrenget skal tilbakeførast sik at at det ikkje vert varige vesentlege terrengingrep. Forlenging av 2-årsfristen kan ikkje påreknast, sjølv om ikkje hytta er ferdigstilte når dei to åra har gått.

## **Privatrettslege tilhøve**

Eigar av gbnr 58/4 har gjeve skriftleg samtykke til etablering av vegen.

## **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Tiltakshavar søker om personleg ansvarsrett som sjølvbygger, og har lagt fram ein oversiktleg og godt illustrert søknad.

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

## **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-vert det gjeve løyve til tiltak i eitt trinn for etablering av mellombels anleggsveg på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 18.10.2016, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Før det vert gjeve ferdigattest for hyttene og seinast innan 2 år skal vegen arbeidast om til gangsti med breidde 1,20 m , og terrenget skal tilbakeførast mest mogeleg.**
- 3. Det skal sendast skriftleg tilbakemelding med fotodokumentasjon når anleggsvegen er omarbeidd til gangsti og tilbakeføring av terreng er utført. Frist for dette er 10.11.2018**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-8, jf byggesaksforskrifta § 6-8 vert Mette Haglund godkjent som ansvarshavande sjølvbygger med ansvar for alle funksjonar og ansvarsområde i tiltaket.**

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **16/3347**

**Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Mette Haglund

Skanselien 35

5034

BERGEN